

- Eg er rett og slett utruleg stolt og glad. Dette er ein bekræftelse på at eg er ein ordentleg forskar, seier uskedelingen, professor Jørn Øyrehagen Sunde til UiB sine nettsider etter at han fredag mottok Meltzerprisen for framifrå formidling av retthistorie. Prisen er på 100.000 kroner.

Ifølgje juryen fekk han prisen for «sitt uvanlege talent og sin nesten umenneskelege kapasitet til formidling av det fagfeltet innanfor rettsvitenskapen som ligg han på hjartet: Retthistoria».

Sunde vaks opp i Skreo på nedre Døsland. Han flytta ut frå Uskedalen for å ta fatt på jus-studiar tidleg på 90-talet. Etter det har han heile tida hatt god kontakt med heimkommunen særleg i samband med arbeid for Baroniet i Rosendal. Han blei professor ved Det juridiske fakultet i 2007.

Han er i dag svært anerkjent og etterspurt. Med jamne mellomrom dukkar han opp med sin faglege kunnskap i ulike samanhengar.

- Alle som spør Sunde får svar, enten det er spørsmål frå NRK, Klassekampen, Bergens Tidende, historielag, kommunar som planlegg historiske jubileum eller akademikarar fra ulike fagfelt, svarar Sunde gjerne med kunnskap om faget han brenn for, sa rektor Sigmund Grønmo i talen sin til prisvinnaren.

Når NRK i jubileumsåret 2014 kjem med eit program om Grunnlova, er den 40-årige Uskedalsprofessoren delaktig i det.

- Jørn Øyrehagen Sunde er eit lysande eksempel på at Universitetet i Bergen rår over kunnskap og kompetanse av umisteleg verdi for samfunnet, og han viser på en framifrå måte korleis retthistorie er eit svært aktuelt og viktig forskningsfelt, var og nokre av dei rosande orda rektor Grønmo bar fram i talen sin.

De kan lese meir om pristildelinga ved å klikke på denne [lenkja](#)

Av: Thor Inge Døsland, etter 'På Høyden', nettavis for Universitetet i Bergen